

5. februar 2001

# Aktuell utdanningsstatistikk

Statistics Norway



Statistisk sentralbyrå

## Kommunale driftsutgifter til barnehagar og utdanning

Nøkkeltal 1999



Publisert i samarbeid med  
Kyrkje-, utdannings- og  
forskningsdepartementet.

**1/2001**

## Aktuell utdanningsstatistikk

I *Aktuell utdanningsstatistikk* blir statistikk på ulike emneområde innfor utdanningsstatistikken publisert.

**Hugs å gje opp kjelde:** Aktuell utdanningsstatistikk/Statistisk sentralbyrå.

**Ansvarleg seksjon:** Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.

**Redaktør:** Elisabetta Vassenden.

### Redaksjonsmedarbeidarar:

Tor Jørgensen, tlf. 62 88 52 69, e-post: tor.jorgensen@ssb.no, Elin Såheim Bjørkli, tlf. 62 88 51 06, e-post: elin.saheim.bjorkli@ssb.no, faks 62 88 52 89.

**Redigering:** Randi Øiseth

**Prisar:** Per år kr 500,00 inkl. mva. Enkeltnummer kr 65,00 inkl. mva..

### Spørsmål om sal kan rettast til :

Statistisk sentralbyrå, Salg- og abonnementservice, 2225 Kongsvinger, tlf. 62 88 55 00, faks 62 88 55 95, e-post: salg-abonnement@ssb.no.

ISSN 1500-4295  
F-4057

## Innhald

1. Innleiing	3
2. Barnehagar	5
3. Grunnskolar	7
4. Vidaregåande opplæring	9
Vedleggstabellar	11

## Elektronisk formidling

Forutan papirutgåva finst publikasjonen i elektronisk versjon under SSB si webteneste på Internett. Adressa er <http://www.ssb.no>. Tabellane kan lastast ned i Excel.

## Andre tabellar

Spesialtabellar kan tingast frå Statistisk sentralbyrå.

## Standardteikn

Standardteikn i tabellar	Symbol
Tal er umogleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjerast	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vannrette serien	
Retta sidan førre utgåve	r
Desimalskiljeteikn	,(.)

## Innleiing

Gjennom *Aktuell utdanningsstatistikk* ønskjer Statistisk sentralbyrå å auke tilgjengelegheita til og aktualiteten på statistikk om utdanningsaktivitetar i Noreg. Statistisk sentralbyrå ønskjer også å presentere eit breiare spekter av statistikk om elevar og studentar i Noreg. Serien prøver også å dekkje behova for nøkkeltal for utdanningssektoren.

*Aktuell utdanningsstatistikk* er finansiert av Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i fellesskap. Både Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet medverker med materiale til serien. Statistisk sentralbyrå har det redaksjonelle ansvaret for publikasjonane og står ansvarleg for den faglege kvaliteten.

*Aktuell utdanningsstatistikk* blir gjeve ut inntil 10 gonger årleg, og inneheld mellom anna eigne publikasjonar for dei ulike sektorane av utdanningssystemet; Grunnskolar, Vidaregåande skolar, Universitet og høgskolar og Vaksenopplæring. Denne publikasjonen inneheld statistikk om kommunane sin økonomi og tenesteproduksjon innfor sektorane barnehagar, grunnskolar og vidaregåande opplæring.

# 1. Innleiing

Denne publikasjonen inneheld statistikk om kommunane sin økonomi og tenesteproduksjon i sektorane barnehagar, grunnskolar og vidaregåande opplæring.

## 1.1. Rekneskapsstatistikk

Statistikken byggjer på dei årlege oppgåvene over rekneskapen som SSB hentar inn frå alle kommunar/fylkeskommunar. Statistikken omfattar kommuneforvaltinga og kommunale verksemder som det ikkje blir ført særskilt rekneskap for.

### Driftsutgifter

Driftsutgiftene til barnehagane er å finne under kap. 1.270 i kommunerekneskapen, driftsutgiftene til grunnskolane under kap. 1.210 og driftsutgiftene til vidaregåande opplæring under kap. 1.230.

- \* *Driftsutgifter ekskl. overføringar frå andre kommunar* består av artane/postane 01-39 (alle driftsutgiftene) minus artane/postane 69 Fordelte utgifter, art/post 70 Overføringar frå trygdeforvaltinga (refundert sjukelønn), art/post 73 Overføringar frå andre kommunar samt art/post 79 Interne overføringar.
- \* *Driftsutgifter ekskl. overføringar til andre kommunar* består av artane/postane 01-39 (alle driftsutgiftene) minus artane/postane 33 Overføringar til andre kommunar, art/post 69 Fordelte utgifter, art/post 70 Overføringar frå trygdeforvaltinga (refundert sjukelønn) samt art/post 79 Interne overføringar.
- \* *Lønnsutgifter ekskl. overføringar frå andre kommunar* består av artane/postane 01-09 (lønn og sosiale utgifter) minus art/post 70 Overføringar frå trygdeforvaltinga (refundert sjukelønn).

Driftsutgifter omfattar utgifter til lønn, kjøp av utstyr som maskinar, inventar og anna varig utstyr (dersom desse ikkje er av investeringsmessig karakter), vedlikehald av bygningar og andre regulære driftsutgifter. Utgifter til spesialundervisning er ikkje med i tala. Vidare inngår overføringar til trygdeforvaltinga, staten, andre kommunar og fylkeskommunar og deira særbedrifter, overføringar til andre, og overføringar til eigne særbedrifter. Posten «lønningar» omfattar også utgifter til trygder og pensjonar, medrekna arbeidsgivaravgift til folketrygda. For å få eit riktigare inntrykk av driftsutgiftene, er desse reduserte med postar som “blæs opp” rekneskapen. Dette gjeld fordelte utgifter, refusjonar for sjukelønn, interne overføringar og kalkulatoriske renter og avskrivningar.

Korrigerte driftsutgifter på sektornivå er i forhold til driftsutgiftene definerte over, reduserte med overføringar til eller frå andre kommunar/fylkeskommunar. Dette gir eit riktigare bilete av korleis kommunen priorite-

### Om statistikken

Eit stort problem når ein skal samanlikne storleiken på driftsutgiftene til ulike formål mellom kommunane, er forskjellar i rekneskapsføringa mellom kommunane. Rekneskapsforskriftene seier i mange tilfelle ikkje klårt frå korleis ein skal/må føre dei enkelte inntektene/kostnadene/utgiftene. Det vil i stor grad vere opp til den enkelte kommune å bestemme kva for eit underkapittel/art ein vel å føre dei enkelte utgiftene/kostnadene/inntektene inn under. Dette fører til at ein kan få til dels store forskjellar kommunane imellom, slik at ein ikkje utan vidare kan samanlikne talmaterialet. Eit typisk eksempel på dette er forskjellar når det gjeld kvar den enkelte kommune fører foreldrebetalinga/statstilskotet/kommunalt driftstilskot til barnehagane. Sjølv om det ville vere mest naturleg å føre foreldrebetalinga på post/art 61 Vanlege sals- og leigeinntekter, er det mange kommunar som fører det på art/post 74 Overføringar frå andre.

Ulik rekneskapsføring i kommunane, f.eks. føring av spesialundervisning, fører ikkje minst til problem for samanlikningar når det gjeld driftsutgifter per elev i grunnskolen og per innbyggjar i dei enkelte kommunane.

Utgifter til spesialundervisning, kap. 1.260, er ikkje medrekna i denne publikasjonen.

I denne publikasjonen blir løpende kroner brukt i alle tidsseriane.

Rekneskapsåret og skoleåret er ikkje samanfallande. Skal ein rekne ut driftsutgiftene per elev i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, bruker ein driftsutgiftene for det året elevane begynner i eit gitt klassetrinn. Det same prinsippet gjeld for barnehagane. F.eks. blir driftsutgiftene per elev for dei som gikk i 1.-7. klasse i 1999/2000, berekna på grunnlag av rekneskapsstala for rekneskapsåret 1999.

rer denne sektoren sine tenester til eigne innbyggjarar i høve til driftsutgiftene i alt. Dette blir også nærmare forklart nedanfor under dei enkelte sektorane.

## 1.2. Barnehagar

Statistikken over barnehagar er utarbeidd på grunnlag av årsmeldingar frå kvar enkelt barnehage. Meldingane blir sende om fylkesmannen til Barne- og familiedepartementet og Statistisk sentralbyrå, og er også grunnlag for utbetaling av driftsstøtte frå staten. Statistikken omfattar alle godkjende barnehagar, både private og of-

---

fentlege. Det blir mellom anna gitt opplysningar om talet på barn innmelde per 15. desember, fordeling på opphaldskategori, institusjonar, tilsette og årsverk.

Barna blir registrerte i den kommunen der barnehagen er plassert, og dette er nødvendigvis ikkje i same kommunen som barna bur. Ved utrekning av driftsutgifter per innbyggjar er rekneskapane difor korrigererte for overføringar frå andre kommunar.

### **1.3. Grunnskolar**

Statistikken byggjer på data frå Grunnskolen informasjonssystem (GSI). I denne publikasjonen er opplysningar frå private skolar haldne utanom. Elevane blir registrerte på den skolen dei får undervisning. Nokre elevar blir difor registrerte som elevar i ein annan kommune enn der dei bur. Rekneskapen blir difor korrigerert for overføringar frå andre kommunar ved utrekning av driftsutgifter per innbyggjar, medan det for utrekning av driftsutgifter per elev blir korrigerert for overføringar til andre kommunar. Dette fører til at ved utrekninga av driftsutgifter per innbyggjar er alle utgifter med, jf. Driftsutgifter i innleiinga, medan berre dei driftsutgifter som gjeld elevar ved eigne skolar er med ved utrekning av driftsutgifter per elev.

### **1.4. Vidaregåande opplæring**

Statistikken byggjer i hovudsak på rapportar over den enkelte elev og lærling. Lærlingar og elevar under lov om vidaregåande opplæring/opplæringslova er med i denne publikasjonen. Elevane må også ta del i ei utdanning som normalt er på minst 300 undervisningstimar per år for å vere inkluderte. Alle lærlingane med gjeldande godkjende lærlingekontraktar per 1. oktober er med, uavhengig av om lærlingen fører med seg utbetaling av lærlingtilskott eller ikkje. Elevane og lærlingane er registrerte i det fylket dei bur. Elevtala for 1999 som er nytta i denne publikasjonen, er førebelse.

### **1.5. Gruppering av kommunane**

I denne publikasjonen er det i hovudtabellen for 1999 valt å gruppere kommunane i åtte grupper etter SSB sin standard for "Klassifisering av kommunene etter innbyggertall". Inndelinga i grupper er basert på innbyggjartalet per 1. januar 1999. Gjennomsnittstala for alle kommunane i landet blir publiserte både med og utan Oslo kommune. Oslo kommune har funksjonar som ordinært tilhøyrrer kommunane, men er også tilagd funksjonar som elles tilhøyrrer fylkeskommunane. Presentasjonen av nøkkeltal for vidaregåande opplæring inneheld difor også tal for Oslo kommune.

I vedleggstabellane blir tal for den enkelte kommune presentert.

## 2. Barnehagar

Kommunane sine driftsutgifter til barnehagar utgjorde i 1999 vel 5 prosent av kommunane sine totale driftsutgifter når Oslo ikkje er medrekna. Heile 85 prosent av utgiftene til barnehagane var utgifter til lønn. Dei kommunale utgiftene inkluderer i tillegg til drift av egne barnehagar, eventuelle kommunale tilskott til private barnehagar. Ut i frå innbyggjartalet i kommunane var det dei minste kommunane som hadde dei høgaste driftsutgiftene til barnehagar per innbyggjar, medan kommunane med 30 000-50 000 innbyggjarar i gjennomsnitt hadde dei lågaste driftsutgiftene per innbyggjar.

Driftsutgiftene per innbyggjar har i perioden frå 1992 til 1999 auka med 46 prosent. I desember 1999 hadde i alt 187 162 barn plass i barnehage når barn i open barnehage er haldne utanom. Det er 15 prosent høgare enn talet på barn i barnehagar i 1992. I 1996 hadde i overkant av 92 prosent av 6-åringane eit tilbod i barnehage eller eit tilbod til 6-åringar i skolen. Som eit

resultat av Reform 97 blei alle 6-åringar skoleelevar frå og med skoleåret 1997/98. Talet på plassar i barnehagen blei ikkje redusert tilsvarende slik at delen barn i alderen 3-5 år som fekk barnehageplass auka. Hovudmålgruppa for barnehagesektoren blei i perioden endra frå 1-6 åringar til 1-5 åringar. I tabell 2.1 er heile målgruppa med i berekningane av dekningsgradar for dei aktuelle åra. Ingen 6-åringar er med i tala frå og med 1997. Frå og med 1999 er barn i open barnehage haldne utanom det totale talet på barn i barnehage. I 1999 var det vel 5 100 barn i open barnehage. Dette fører til at tala for barn i aldersgruppa 1-5 år (1-6 år) og barn i aldersgruppa 3-5 år (3-6 år) ikkje direkte kan samanliknast over tid. Av alle barn i aldersgruppa 1-5 år hadde 61 prosent plass i barnehage i 1999, medan det blant 1-6 åringane var 48 prosent som hadde det same tilbodet i 1992. Blant 1-2 åringane hadde nesten 37 prosent av barna plass i barnehage, samanlikna med vel 25 prosent i 1992.

Tabell 2.1. Barnehagar. Struktur- og nøkkeltal. 1992-1999<sup>1</sup>

	Driftsutgifter <sup>2</sup> til kommunale barnehagar per innbyggjar			Barn med heildagsplass i prosent av alle barn med plass	Barn i barnehage i prosent av registrerte årskull			Barn under 3 år i barnehage i prosent av alle barn i barnehage	Barn per årsverk i kommunale barnehagar
	I alt	Av dette utgifter til lønn per innbyggjar	Offentlege barnehageplassar i prosent av alle barnehageplassar		1-6 år	1-2 år	3-6 år		
1992 .....	1 159	947	59,7	64,3	48,1	25,1	60,1	18,3	4,5
1993 .....	1 224	1 026	59,7	64,3	48,1	25,1	60,1	18,2	4,5
1994 .....	1 292	1 089	58,7	64,7	49,9	28,6	60,5	19,6	4,5
1995 .....	1 391	1 177	58,0	65,0	51,0	31,3	60,7	20,7	4,5
1996 .....	1 504	1 279	58,1	64,7	52,0	33,9	61,0	22,0	4,5
1997 .....	1 539	1 308	58,4	66,1	59,8	39,7	73,3	27,2	4,4
1998 .....	1 606	1 375	59,1	65,7	61,1	38,8	75,9	26,0	4,4
<b>1999 .....</b>	<b>1 696</b>	<b>1 439</b>	<b>59,4</b>	<b>62,9</b>	<b>61,1</b>	<b>36,9</b>	<b>76,7</b>	<b>24,2</b>	<b>4,4</b>
Gjennomsnitt for alle kommunar frårekna Oslo	1 592	1 365	59,3	59,2	59,8	34,9	75,7	23,1	4,6
<b>Kommunar etter talet på innbyggjarar</b>									
1-1 999 .....	2 656	2 316	92,9	41,5	71,1	48,8	84,8	26,8	4,6
2 000-4 999 .....	2 004	1 738	81,7	41,1	64,5	37,0	81,6	22,4	5,2
5 000-9 999 .....	1 600	1 381	67,1	48,4	61,1	34,3	78,2	22,1	5,1
10 000-19 999 .....	1 473	1 272	55,5	56,7	56,1	31,8	71,5	22,4	4,6
20 000-29 999 .....	1 559	1 358	57,2	68,2	62,2	36,3	78,8	23,0	4,3
30 000-49 999 .....	1 339	1 125	45,8	64,7	56,6	32,0	72,3	22,4	4,2
50 000-299 999 .....	1 490	1 249	48,3	74,1	59,3	36,6	74,0	24,8	4,0
300 000 eller fleir (Oslo)	2 504	2 018	60,6	88,8	71,8	52,6	86,1	31,6	3,7

<sup>1</sup> På grunn av innføringa av Reform 97 kan fleire av tala for 1997, 1998 og 1999 ikkje samanliknast med dei andre åra. Frå 1999 er ikkje barn i open barnehage med i tala. I 1999 utgjorde dette 5 114 barn.

<sup>2</sup> Løpende kroner er brukt i tidsseriane.


Delen barn i offentlege barnehagar har i perioden frå 1992 til 1999 endra seg lite. Desse barna utgjør seks av ti av alle barn i barnehage. Strukturen til barnehagane varierer kraftig frå kommune til kommune, frå 100 prosent offentlege barnehagar til 100 prosent private barnehagar. I kommunar der ein større del av barnehagane er private, vil kommunen sine driftsutgifter til barnehagesektoren normalt vere lågare per innbyggjar enn i kommunar der dei fleste barnehagane er offentlege. Årsaka til dette er at alle utgiftene til kommunale barnehagar kan finnast igjen i rekneskapane til kommunane, uavhengig av om dei vert dekte av driftsmidlar frå kommunen, foreldrebetaling eller tilskott frå staten. For private barnehagar er det berre driftstilskott frå kommunen som ein kan finne igjen i rekneskapane til kommunane.

Tenesteindikatorane “Barn med heildagsplass i prosent av alle barn” og “Barn under 3 år i barnehage i prosent av alle barn i barnehage” er i tillegg til strukturen til befolkninga viktige forklaringsfaktorar når det gjeld skilnadene i driftsutgiftene til barnehagane mellom kommunane. Ein heildagsplass kostar meir enn ein deltidsplass, og det maksimale talet på barn det er tillate å ha per tilsett, er lågare dersom barna er under 3 år. I kommunar der desse tenesteindikatorane er høge, vil kostnadene til barnehagesektoren normalt vere høgare enn i kommunar der dei er låge.

I 1999 var det i alt 4,4 barn per årsverk i kommunale barnehagar. Dette er om lag det same som i heile perioden frå 1992. Talet på årsverk inkluderer alle årsverk i ein barnehage, ikkje berre det pedagogiske personalet. Talet på barn per årsverk varierer likevel ein god del mellom dei ulike gruppene av kommunar. Kommunane med flest barn per årsverk er kommunane som har mellom 2 000 og 10 000 innbyggjarar. Desse har vel 5 barn per årsverk. Dess fleire innbyggjarar kommunane har, dess lågare blir talet på barn per årsverk. Kommune-


gruppa med meir enn 300 000 innbyggjarar (Oslo) var den kommunegruppa som hadde det lågaste talet på barn per årsverk, med 3,7. Viktige grunnar til å forklare skilnadene i talet på barn per årsverk og driftsutgifter per plass, vil vi finne i tenesteindikatorane om opphaldstid og alderssamansetjinga til barna. I kommune-gruppene med få barn per årsverk hadde fleire barn enn landsgjennomsnittet heildagsplass, samstundes som ein større del av barnehagebarna var under 3 år.

**Figur 2.1. Driftsutgifter<sup>1</sup> til kommunale barnehagar per innbyggjar. 1992-1999. Kroner**




<sup>1</sup> Løpende kroner er brukt i tidsseriane.

**Figur 2.2. Barn i barnehage, etter alder. 1992-1999**



<sup>1</sup> For 1991-1996 gjeld figuren alderen 3-6 år, mens det for 1997-1999 gjeld for alderen 3-5 år.

**Figur 2.3. Barn i barnehage, etter talet på innbyggjarar i kommunen. 1999. Prosent av alle barn**



### 3. Grunnskolar

I 1999 utgjorde kommunane sine driftsutgifter til grunnskolane 22 prosent av dei samla driftsutgiftene til kommunane når Oslo ikkje er medrekna. Elevane i dei offentlege grunnskolane utgjorde i skoleåret 1999/2000 noko over 98 prosent av det totale talet på elevar i grunnskolen. Drygt 79 prosent av driftsutgiftene var utgifter til lønn til personalet. Frå 1992 har denne delen av utgiftene blitt redusert med nesten 3 prosentpoeng. I gjennomsnitt nytta kommunane i Noreg 6 100 kroner per innbyggjar på grunnskolen i 1999. Kommunar med mindre enn 2 000 innbyggjarar nytta mest pengar per innbyggjar, medan kommunar med meir enn 300 000 innbyggjarar (Oslo) nytta minst pengar. Av dei andre kommunegruppene var det kommunar med 30 000-49 999 innbyggjarar som nytta minst pengar. På grunn av skilnadene i strukturen på befolkninga, har kommunar med eit lågt tal på innbyggjarar langt færre elevar per skole og per klasse enn kommunar med mange innbyggjarar. Desse indikator-

ane reflekterer i hovudsak kommunestorleiken. Årsakene til forskjellar i driftsutgiftene per innbyggjar må vi søkje i forskjellen i driftsutgifter per elev (sjå nedanfor).

Driftsutgiftene per klasse var i 1999 928 100 kroner på landsnivå. Dette var ein auke frå 867 100 kroner i 1998, dvs. ein auke på i underkant av 7 prosent. I 1992 var driftsutgiftene per klasse 694 130. Driftsutgiftene per klasse var i 1999 høgast i Oslo og dei andre kommunane med eit høgt innbyggjartal medan det ikkje er noko eintydig mønster for dei andre kommunegruppene. Lågast driftsutgifter per klasse hadde kommunar med lågast innbyggjartal.

Driftsutgiftene per elev var i 1999 i gjennomsnitt 46 350 kroner. Desse utgiftene er høgast i dei minste kommunane der det er færrest elevar per lærarårsverk og færrest elevar per klasse. Tala for 1997, 1998 og

Tabell 3.1. Grunnskolar. Struktur- og nøkkeltal. 1992-1999<sup>1</sup>



	Driftsutgifter <sup>2</sup> til grunnskolar per innbyggjar				Elevar per klasse 1.-9. klasse	Elevar per lærarårsverk	Driftsutgifter <sup>2</sup> per elev		Driftsutgifter <sup>2</sup> per klasse	
	I alt	Av dette utgifter til lønn per innbyggjar	Elevar i alt	Elevar per skole			I alt	Av dette utgifter til lønn per elev	I alt	Av dette utgifter til lønn per klasse
1992 .....	3 831	3 126	457 415	139	19,4	.	35 683	29 210	694 130	568 225
1993 .....	3 773	3 046	460 101	141	19,6	11,1	35 135	28 459	689 272	558 314
1994 .....	3 892	3 134	463 735	143	19,8	10,8	36 186	29 223	716 760	578 842
1995 .....	3 983	3 219	469 848	146	19,9	10,9	36 774	29 789	730 741	591 929
1996 .....	4 241	3 437	479 103	149	20,0	11,1	38 573	31 344	773 360	628 417
					1.-10. klasse					
1997 <sup>1</sup> .....	4 649	3 674	549 480	172	20,0	11,4	37 110	29 374	745 542	590 116
1998 .....	5 468	4 384	559 901	175	20,1	11,3	43 084	34 610	867 063	696 534
<b>1999 .....</b>	<b>5 915</b>	<b>4 685</b>	<b>570 695</b>	<b>179</b>	<b>20,2</b>	<b>11,5</b>	<b>46 352</b>	<b>36 768</b>	<b>928 134</b>	<b>736 231</b>
Gjennomsnitt for alle kommunar frårekna Oslo .....	6 139	4 852	523 389	171	19,9	11,5	46 561	36 812	922 380	729 263
<b>Kommunar etter talet på innbyggjarar</b>										
1 - 1 999 .....	8 649	6 763	16 129	66	13,4	7,9	66 273	51 944	885 605	694 124
2 000 - 4 999 .....	7 242	5 803	67 819	103	17,0	9,6	53 969	43 212	911 379	729 733
5 000 - 9 999 .....	6 443	5 214	86 295	138	19,0	10,9	47 277	38 117	892 916	719 927
10 000 - 19 999 .....	6 131	5 003	113 957	181	20,4	11,9	44 604	36 289	905 563	736 761
20 000 - 29 999 .....	5 611	4 512	55 870	232	21,4	12,2	43 808	35 361	930 276	750 900
30 000 - 49 999 .....	5 545	4 464	70 801	233	21,5	12,6	43 124	34 740	920 751	741 740
50 000 - 299 999 .....	5 586	4 062	112 518	306	22,4	12,8	44 231	32 339	982 008	717 975
300 000 eller fleir (Oslo) .....	4 166	3 382	47306	391	23,6	11,3	44 042	36 279	1 001 186	824 702

<sup>1</sup> På grunn av innføringa av Reform 97 kan fleire av tala for 1997, 1998 og 1999 ikkje samanliknas med dei andre åra.


<sup>2</sup> Løpende kroner er brukt i tidsseriane. Spesialundervisning (kap. 1.260) er ikkje inkludert i driftsutgiftene.

1999 kan ikkje direkte samanliknast med tala for tidlegare år. Dette kjem av at tenesterapporteringa er for eit skoleår, medan rekneskapsrapporteringa er for eit kalenderår, og at det frå og med hausten 1997 var ti klassetrinn i grunnskolen mot tidlegare ni klassetrinn (Reform 97). Hausten 1999 var det i alt 11,5 elevar per lærarårsverk i den offentlege grunnskolen. For kommunane som har færrest innbyggjarar, var det over tre færre elevar per lærarårsverk enn landsgjennomsnittet. Talet for dei største kommunane, Oslo frårekna, var i gjennomsnitt over ein elev meir per lærarårsverk enn landsgjennomsnittet. I Oslo var talet på nivå med landsgjennomsnittet.


Kommunane dreiv hausten 1999 i alt 3 191 grunnskolar med i alt 523 400 elevar. Dette var 19 færre skolar enn året før, men 11 000 fleire elevar. I gjennomsnitt var det 179 elevar per kommunal grunnskole, fire fleire enn føregåande år. Frå 1992 har elevtalet i den kommunale grunnskolen gått opp med over 110 000 medan skoletalet er blitt redusert med 110. I 1992 var det berre 139 elevar per skole. Dei fleste nedlagde skolane har vore små skolar. På grunn av Reform 97 blei alderen for skolestart sett ned frå 7 til 6 år frå og med skoleåret 1997/98. Dette førte til at talet på elevar auka kraftig frå hausten 1996. Noko av auken kjem også av at relativt små kull avslutta grunnskolen våren 1997, 1998 og 1999.

Også talet på elevar per klasse auka noko på 1990-talet. Hausten 1999 var det 20,2 elevar per klasse i grunnskolen. Dei aller siste åra har talet berre auka marginalt. Tidlegare på 1990-talet, i 1992, var talet 19,4. Det er òg verd å merke seg at klassestorleiken ikkje blei endra frå skoleåret 1996/97 til skoleåret 1997/98 då grunnskolen blei utvida frå ni til ti år. Begge åra var det 20 elevar per klasse.

**Figur 3.2. Elevar per lærarårsverk i grunnskolen, etter talet på innbyggjarar i kommunen. 1999**



**Figur 3.1. Kommunane sine driftsutgifter<sup>1</sup> til grunnskolen per innbyggjar. 1992-1999. Kroner**



<sup>1</sup> Løpende kroner er brukt i tidsseriane. Spesialundervisning (kap. 1.260) er ikkje inkludert i driftsutgiftene.

## 4. Vidaregåande opplæring

Fylkeskommunane sine driftsutgifter til vidaregåande opplæring var i 1999 19 prosent av fylkeskommunane sine totale driftsutgifter når Oslo ikkje er medrekna. 74 prosent av utgiftene til vidaregåande opplæring var utgifter til lønn. Kor stor del utgiftene til lønn utgjorde av dei totale driftsutgiftene i dei ulike fylka, varierte frå 63 prosent i Oppland til 81 prosent i Telemark. Nokre av desse variasjonane kan komme av variasjonar i sjølve føringa av rekneskapen.

Innføringa av Reform 94 har ført med seg at gruppa med ungdom som fullførte grunnskolen frå og med våren 1994, blei gitt ein lovfesta rett til heiltid vidaregåande opplæring i tre år. Hovudmålgruppa for vidaregåande opplæring er difor aldersgruppa 16-18 år. Ansvaret for at denne retten blir oppfylt er lagt til fylkeskommu-

nane. Hausten 1999 var 90 prosent av denne aldersgruppa registrerte som lærlingar eller i ei utdanning under opplæringslova. Frå 1992 til 1996 auka denne delen med over 7 prosentpoeng, og har sidan vore stabil på 90-91 prosent. På grunn av mindre årskull er likevel det totale talet på elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring blitt redusert på 1990- talet. Frå 1998 til 1999 auka elevtalet noko.

Fylkeskommunane nytta 2 800 kroner per innbyggjar til vidaregåande opplæring i 1999, og i gjennomsnitt 64 000 kroner per elev og lærling. Dette var ein auke på om lag 7 prosent frå året før. Det er variasjonar mellom fylka i driftsutgifter per elev og lærling. Dette skuldast mellom anna variasjonar i delen som går i tilbod der ein kan ha inntil 30 elevar i klassen (allmennfag

Tabell 4.1. Vidaregåande opplæring. Struktur- og nøkkeltal. 1992-1999



	Driftsutgifter <sup>1</sup> til vidaregåande opplæring per innbyggjar			Lærlingar i alt	Elevar i offentlege skolar i prosent av elevar i alt	Elevar i allmenn- faglege studie- retningar i prosent av elevar i alt	Del av innbyggjarar 16-18 år i vidaregåande opp- læring	Elavar per lærarårsverk i offenlege vidare- gåande skolar	Driftsutgifter <sup>1</sup> til vidaregåande opplæring per elev og lærling	
	I alt	Av dette utgifter til lønn per inn- byggjar	Elevar under lov om vidaregå- ande opp- læring i alt						I alt	Av dette utgifter til lønn per elev og lærling
1992 .....	2 152	1 679	199 347	16 563	95,0	41,1	84,3	7,8	48 564	37 893
1993 .....	2 145	1 671	194 496	16 813	94,8	41,9	85,3	7,7	49 993	38 953
1994 .....	2 207	1 695	186 635	17 955	94,6	47,4	87,2	7,5	54 046	41 514
1995 .....	2 237	1 705	180 990	19 375	94,7	50,7	88,8	7,3	51 022	38 871
1996 .....	2 554	1 939	176 498	27 216	94,5	56,0	90,9	7,1	57 534	43 673
1997 .....	2 641	1 977	171 919	31 893	95,1	55,7	90,8	7,1	59 029	44 608
1998 .....	2 610	1 954	171 291	32 350	95,2	56,3	90,5	7,0	59 029	44 188
<b>1999 .....</b>	<b>2 816</b>	<b>2 081</b>	<b>174 146</b>	<b>31 572</b>	<b>95,1</b>	<b>57,7</b>	<b>89,9</b>	<b>7,2</b>	<b>63 979</b>	<b>47 282</b>
Østfold .....	2 261	1 804	9 209	1 703	96,4	56,0	89,1	7,5	53 050	42 328
Akershus .....	2 436	1 949	17 440	2 187	94,1	65,7	89,9	7,9	61 193	48 971
Oslo .....	1 815	1 453	14 056	1 663	92,4	68,9	84,8	7,6	62 898	50 338
Hedmark .....	2 860	2 196	6 816	1 135	97,7	53,7	89,9	7,2	68 647	52 708
Oppland .....	3 104	1 958	7 160	1 326	97,6	53,6	90,6	7,6	65 744	41 481
Buskerud .....	2 983	2 109	9 007	1 434	96,3	57,0	89,7	7,4	69 876	49 407
Vestfold .....	2 912	2 186	8 427	1 823	96,1	60,5	91,0	7,3	62 473	46 889
Telemark .....	2 666	2 161	6 251	1 320	96,9	55,9	89,3	7,3	59 634	48 345
Aust-Agder .....	3 252	2 235	4 242	903	97,0	58,1	89,5	6,8	66 225	45 520
Vest-Agder .....	3 218	2 208	6 741	1 580	96,3	57,5	90,5	8,1	62 084	42 601
Rogaland .....	2 762	2 178	15 607	3 563	92,7	54,3	91,5	7,7	57 144	45 061
Hordaland .....	2 995	2 169	17 395	3 700	93,3	54,6	90,1	7,2	65 382	47 357
Sogn og Fjordane ...	3 445	2 347	4 535	917	93,6	54,5	91,7	6,5	71 783	48 894
Møre og Romsdal ...	2 910	2 331	10 010	1 852	97,3	54,8	88,8	7,1	61 041	48 897
Sør-Trøndelag .....	3 395	2 272	10 525	2 012	92,1	57,3	91,7	6,4	76 218	51 008
Nord-Trøndelag .....	3 788	2 657	5 808	1 080	96,9	53,1	91,7	6,4	71 769	50 347
Nordland .....	3 121	2 274	10 350	1 730	96,6	53,3	88,7	6,3	63 657	46 379
Troms .....	3 100	2 150	6 503	1 115	97,1	58,0	87,6	7,2	63 070	43 748
Finnmark .....	3 899	2 467	2 943	499	98,1	54,1	81,7	5,4	85 296	53 975


<sup>1</sup> Løpende kroner er brukt i tidsseriane.

m.m), variasjonar i delen lærlingar og variasjonar i oppfylling av klassane. Dei rekneskapsførde driftsutgiftene varierte frå 53 050 i Østfold til 85 300 i Finnmark.

I samband med Reform 94 blei ansvaret for utbetaling av lærlingtilskott ført over frå staten til fylkeskommunane. Ønskjer ein å sjå på utviklinga i kostnadene, inneber dette at det berre er indikatoren "Elevar per lærarårsverk" som kan kaste lys over utviklinga for heile perioden 1992-1999. Hausten 1999 var det i overkant av 7 elevar per lærarårsverk i dei offentlege vidaregåande skolane. Dette var ein nedgang frå 7,8 elevar per årsverk i 1992. Den prosentvise reduksjonen i talet på elevar har altså vore mykje større enn den prosentvise reduksjonen i talet på lærarårsverk. Reduksjonen i talet på elevar per lærarårsverk har ført til auka kostnader per eining målt i talet på elevar per lærarårsverk.


Samstundes med denne utviklinga har den delen av elevane som gjekk i dei allmenne studieretningane auka frå 41 til nær 58 prosent frå 1992 til 1999 når ein vurderer alle klassetrinna samla. Ved innføringa av Reform 94 auka delen som var i allmenne fag kraftig. Dette skuldast at studieretning for handel- og kontorfag som tidlegare var yrkesfag, blei tatt inn i allmenne fag. Ei forklaring er at tidlegare studieretning for handel og kontorfag (tidlegare yrkesfag) og studieretning for allmenne fag vart erstatta med studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag.

**Figur 4.1. Driftsutgifter<sup>1</sup> til vidaregåande opplæring per innbyggjar. 1992-1999. Kroner**




<sup>1</sup> Løpende kroner er brukt i tidsseriane

**Figur 4.2. Elevar per lærarårsverk i offentlege vidaregåande skolar. 1992-1999**



**Figur 4.3. Elevar i allmennfaglege studieretningar i prosent av elevar i alt. 1992-1999**



Vedleggstabell 1. Barnehagar. Struktur- og nøkkeltal. Kommune. 1999<sup>1</sup>

	Driftsutgifter til kommunale barnehagar per innbyggjar		Offentlege barnehageplassar i prosent av alle barnehageplassar	Barn med heildagsplass i prosent av alle barn med plass	Barn i barnehage i prosent av registrerte årskull			Barn under 3 år i barnehage i prosent av alle barn i barnehage	Barn per årsverk i kommunale barnehagar
	I alt	Av dette utgifter til lønn per innbyggjar			1-5 år	1-2 år	3-5 år		
<b>Noreg i alt.....</b>	<b>1 696</b>	<b>1 439</b>	<b>59,4</b>	<b>62,9</b>	<b>61,1</b>	<b>36,9</b>	<b>76,7</b>	<b>24,2</b>	<b>4,4</b>
0101 Halden.....	712	667	31,4	49,0	54,8	26,0	72,8	18,2	4,3
0104 Moss.....	1 502	1 250	56,4	67,4	55,4	31,5	71,8	23,5	4,6
0105 Sarpsborg.....	1 083	962	42,7	68,7	52,3	31,0	66,0	23,7	4,0
0106 Fredrikstad.....	1 148	999	50,2	64,6	50,5	31,0	63,2	25,1	4,5
0111 Hvaler.....	1 410	1 173	92,4	50,0	49,7	25,0	63,2	17,4	5,3
0118 Aremark.....	1 782	1 456	67,8	0,0	75,6	40,0	87,9	13,6	5,0
0119 Marker.....	892	802	47,4	25,3	52,8	10,4	78,4	7,4	5,0
0121 Rømskog.....	1 911	1 752	100,0	16,7	71,4	26,7	96,3	13,3	6,0
0122 Trøgstad.....	1 161	1 043	68,3	35,4	54,9	23,1	78,2	19,9	5,2
0123 Spydeberg.....	1 407	1 031	50,9	32,4	62,5	29,5	84,8	19,1	4,9
0124 Askim.....	1 774	1 625	66,6	55,4	68,5	36,1	89,1	21,0	4,5
0125 Eidsberg.....	1 193	1 054	60,1	42,8	50,2	28,8	63,8	22,6	4,8
0127 Skiptvet.....	1 832	1 352	72,0	36,4	63,6	30,1	86,2	19,7	5,6
0128 Rakkestad.....	1 219	1 125	59,7	46,4	65,5	36,7	83,0	22,1	5,1
0135 Råde.....	1 292	1 150	62,7	43,6	63,7	27,8	88,8	18,7	4,9
0136 Rygge.....	1 481	1 294	46,0	76,1	52,5	37,5	62,7	28,8	3,9
0137 Våler.....	384	331	11,0	43,6	60,4	35,6	73,8	23,2	5,0
0138 Hobøl.....	1 406	910	44,7	52,8	53,3	25,0	70,0	17,4	4,5
0211 Vestby.....	930	833	39,1	73,6	48,2	27,3	60,9	21,6	4,5
0213 Ski.....	2 376	2 163	60,2	74,4	60,2	28,6	80,3	18,8	3,8
0214 Ås.....	1 643	1 476	35,0	77,4	69,6	50,6	81,8	29,6	3,5
0215 Frogn.....	1 716	1 576	53,5	81,1	59,2	33,2	75,1	21,4	4,0
0216 Nesodden.....	1 447	1 225	47,4	78,9	61,5	31,5	79,6	19,6	3,7
0217 Oppegård.....	3 593	3 270	88,9	83,6	74,0	44,4	91,2	22,0	4,2
0219 Bærum.....	1 922	1 500	51,6	83,4	69,7	40,6	88,7	23,4	4,2
0220 Asker.....	1 539	1 287	39,3	78,9	61,7	33,5	79,3	20,9	3,7
0221 Aurskog-Høland.....	1 287	1 128	54,7	46,8	57,1	26,0	76,3	17,3	4,6
0226 Sørumsund.....	1 394	1 133	54,4	70,0	48,7	32,8	59,0	26,8	4,4
0227 Fet.....	1 237	1 058	55,0	76,4	42,3	27,7	52,2	27,1	4,7
0228 Rælingen.....	1 853	1 488	75,4	72,9	50,2	24,8	66,8	19,7	4,9
0229 Enebakk.....	995	887	31,3	52,8	57,2	24,6	81,2	18,7	4,7
0230 Lørenskog.....	1 782	1 567	75,1	86,4	67,9	47,5	81,4	28,2	4,0
0231 Skedsmo.....	1 930	1 688	58,8	82,3	59,5	37,4	74,2	25,2	3,8
0233 Nittedal.....	1 278	1 157	35,1	69,3	52,9	26,1	71,2	20,3	4,0
0234 Gjerdrum.....	1 146	1 011	42,5	59,2	48,9	25,0	64,4	20,1	4,1
0235 Ullensaker.....	1 330	1 175	47,7	77,8	51,1	32,6	63,8	27,1	3,9
0236 Nes.....	1 083	886	48,0	64,0	39,6	27,4	47,6	27,9	4,0
0237 Eidsvoll.....	1 124	964	64,1	64,1	46,7	25,8	60,2	21,8	4,7
0238 Nannestad.....	1 244	1 165	55,0	58,9	59,5	34,2	74,2	21,2	4,5
0239 Hurdal.....	528	454	61,6	24,7	48,7	14,7	76,8	13,7	7,5
0301 Oslo.....	2 504	2 018	60,6	88,8	71,8	52,6	86,1	31,6	3,7
0402 Kongsvinger.....	1 606	1 448	66,2	54,4	63,6	47,8	72,4	27,3	4,7
0403 Hamar.....	2 052	1 870	65,0	68,7	78,7	53,2	95,7	27,2	4,3
0412 Ringsaker.....	1 355	766	43,7	41,0	60,2	30,0	78,8	19,1	5,6
0415 Løten.....	1 203	1 047	57,6	35,1	63,6	27,0	86,6	16,4	5,8
0417 Stange.....	1 069	937	49,5	45,8	60,5	25,6	81,3	15,7	5,0
0418 Nord-Odal.....	1 855	1 650	100,0	41,5	60,6	35,2	77,6	23,2	4,7
0419 Sør-Odal.....	981	882	39,9	49,8	62,4	39,6	75,7	24,0	3,8
0420 Eidskog.....	1 846	1 673	100,0	41,4	55,2	20,4	74,0	13,2	5,4
0423 Grue.....	1 535	1 357	88,1	38,1	56,8	21,1	77,5	13,7	5,3
0425 Åsnes.....	1 005	890	71,2	38,0	53,3	19,0	71,9	12,5	5,9
0426 Våler.....	2 023	1 762	74,7	49,4	81,7	58,8	94,9	27,3	4,4
0427 Elverum.....	1 706	1 457	70,2	71,7	60,6	35,9	75,3	22,3	4,7
0428 Trysil.....	2 245	1 860	88,1	36,7	83,0	61,9	92,9	24,1	5,0
0429 Åmot.....	2 288	2 034	84,6	53,8	71,1	41,7	89,2	23,1	4,7

<sup>1</sup> For samanlikning av driftsutgifter mellom kommunane se "Om statistikken" side 3.

**Vedleggstabell 1. Barnehagar. Struktur- og nøkkeltal. Kommune. 1999<sup>1</sup>**  
(framh.)



	Driftsutgifter til kommunale barnehagar per innbyggjar		Offentlege barnehageplassar i prosent av alle barnehageplassar	Barn med heildagsplass i prosent av alle barn med plass	Barn i barnehage i prosent av registrerte årskull			Barn under 3 år i barnehage i prosent av alle barn i barnehage	Barn per årsverk i kommunale barnehagar
	I alt	Av dette utgifter til lønn per innbyggjar			1-5 år	1-2 år	3-5 år		
0430 Stor-Elvdal	1 676	1 464	74,8	33,9	78,8	61,2	93,7	35,7	4,8
0432 Rendalen	2 659	2 313	84,7	18,4	82,1	66,0	92,9	33,7	4,0
0434 Engerdal	2 472	2 136	85,2	30,9	98,8	88,5	103,6	28,4	4,6
0436 Tolga	2 749	2 330	100,0	47,0	84,8	54,4	114,3	31,6	7,3
0437 Tynset	2 465	2 127	74,4	46,2	80,1	60,9	92,6	30,8	5,2
0438 Alvdal	1 666	1 446	100,0	18,5	58,7	14,5	88,2	10,9	6,6
0439 Follidal	2 104	2 015	75,8	27,4	74,8	50,9	94,1	31,6	5,1
0441 Os	2 135	1 834	93,7	30,6	69,4	30,4	90,4	15,3	6,9
0501 Lillehammer	1 298	1 124	52,0	56,5	68,4	36,5	89,6	21,4	4,7
0502 Gjøvik	1 348	1 162	58,1	52,7	72,5	43,4	92,3	24,2	5,1
0511 Dovre	1 565	1 434	100,0	24,1	67,1	30,0	95,6	19,4	7,2
0512 Lesja	1 751	1 591	100,0	19,8	65,4	34,7	84,0	20,9	6,6
0513 Skjåk	1 708	1 497	81,3	38,5	77,4	36,4	100,0	16,7	6,0
0514 Lom	1 222	975	88,1	10,7	57,2	14,6	78,4	8,3	7,4
0515 Vågå	1 842	1 612	100,0	15,0	66,7	32,1	88,1	19,0	6,1
0516 Nord-Fron	1 112	966	70,3	22,1	67,3	35,3	88,8	21,2	7,1
0517 Sel	1 188	1 072	72,5	17,2	62,4	33,7	84,0	23,3	6,8
0519 Sør-Fron	2 454	2 227	100,0	23,1	67,2	45,2	83,3	29,1	5,0
0520 Ringebru	1 277	960	68,8	19,4	62,8	34,3	80,5	22,4	6,2
0521 Øyer	1 170	977	44,7	27,5	75,7	40,8	96,7	20,0	6,0
0522 Gausdal	1 662	1 297	100,0	28,7	66,8	34,5	87,0	20,1	6,4
0528 Østre Toten	1 540	1 169	62,1	35,0	53,0	22,8	70,2	15,6	5,6
0529 Vestre Toten	685	575	45,7	34,3	48,2	22,3	63,9	18,1	5,0
0532 Jevnaker	1 947	1 595	93,4	31,3	58,3	18,3	87,2	13,2	6,5
0533 Lunner	1 729	1 517	94,4	34,2	59,4	27,7	80,2	18,5	6,1
0534 Gran	1 122	1 019	68,8	25,7	61,8	28,4	84,2	18,6	6,2
0536 Søndre Land	1 968	1 719	100,0	31,4	64,8	21,5	88,9	12,1	5,3
